



## Stipendiat i maringeologi

Ved [Institutt for geovitenskap](#) er det ledig ei stilling som stipendiat i maringeologi. Stillinga er for ein åremålsperiode på tre år, med høve til eit fjerde år bestående av pliktarbeid (til dømes undervisning).

### Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Stipendiatstillinga er retta inn mot å auke kunnskapen om den sein-kenosoiske sedimentære lagpakka avsett på den norske kontinentalmarginen. Dette skal danne ein grunnleggjande bakgrunn for betre forståing om avsetningsmiljø, glasiodynamikk og sedimentære prosessar (slik som undersjøiske skred og utvikling av konturittar) i denne regionen. Kandidaten skal analysere og tolke seismiske data som skal koplast opp mot tilgjengeleg informasjon frå sedimentkjernar og batymetriske data.

### Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i maringeologi, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Brei erfaring frå analyse og tolking av seismiske data og bruk av seismiske tolkeprogram (til dømes Petrel) er eit krav.
- God kunnskap om relevante sedimentære prosessar, glasiale marginar og isdynamikk er eit krav.
- Erfaring frå analyse og tolking av batymetriske data og sedimentkjernar er ein føremon.
- Erfaring med ArcGIS og program som CorelDraw/Adobe Illustrator er ein føremon.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må ha gode skriftlege og munnlege engelskkunnskapar.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Ambisjonar og potensial vil også telle ved vurdering av kandidatane.

### Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 3 år, med høve til eit 4. år bestående av pliktarbeid (til dømes undervisning) fordelt med 25 % over tilsetjingsperioden. Dette avheng av kandidaten sine kvalifikasjonar og instituttet sitt behov for undervisning, og vil bli avgjort av instituttleiar ved tilsetjing.

Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

### Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du [fyller krava for opptak til ph.d.- studiet](#) ved Universitetet i Bergen.

### Vi kan tilby


- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 50 (kode 1017 /LR20, alternativ 8) i det statlege lønsregulativet. Dette utgjer ei årsløn på kr 436 900,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

### Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV
- karakterutskriftar og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

### Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Professor Berit Oline Hjelstuen, Institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen, tlf. +47 55 58 35 07 , epost: [Berit.Hjelstuen@uib.no](mailto:Berit.Hjelstuen@uib.no)

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 153212, Søknadsfrist: Avsluttet